



Solveig Haugland heldt ein tale som er verd å lesa både ein, to, jaa mange gonger!

**Under feiringa av nasjonaldagen i dag heldt 17 år gamle Solveig Haugland ein særdeles flott tale då ho la ned blommar ved minnestenen på Stemneplassen. Steinen er reist til minne om dei som kjempa i 2. verdenskrigen, og kvar 17.mai er det tale og blomenedlegging der. Mange var imponert over talen til Solveig, vi spurde om å få trykkja den og er svært glad for at ho svara ja.**

For oss som veks opp i dag er det rart å tenkje på at Noreg, og denne vesle, fredelege bygda vår, ein gong var råka av krig.

Eg vil starte med å fortelje ei historie frå krigen. Historia er så uverkeleg at ein skulle tru at det hadde skjedd langt vekke frå oss. Sanninga er at dette verkeleg har skjedd her i bygda vår. Nærmare bestemt på Mannsvatnet.

.....

Året er 1944. Oldefaren min, Lars Haugland, har teke på seg den tunge sekken og byrjar å gå opp dei bratte Kjærlandsbakkane mot Mannsvatnet. Ved munninga av vatnet tek han fram lyssignalet. Før han kan gå vidare må han sjølv sjå eit lyssignal. Dette lyssignalet skal kome frå mennene som ligg gøymt i hytta. Ingen skal vite at dei gøymer seg der. Alle veit kva som vil skje dersom dei vert oppdaga. Etter ei stund kjem eit lite, men klart lyssignal tilbake frå den vesle hytta på holmen. På veg innover vatnet er det ingenting som røper at det gøymer seg folk på hytta. Det kjem ikkje eingong røyk frå pipa.

.....

Dette er berre ein av mange historier frå krigen her i Uskedalen, og kvar gong eg høyrer historia, er det like vanskeleg å skjønne at dette verkeleg har skjedd. Det at mennene låg gøymt oppe på hytta vår i fleire månader er heilt utruleg å tenkje på.

For oss som veks opp i dag er det vanskeleg å skjønne korleis det var under krigen, og det er heilt uverkeleg å høyre krigshistorier frå desse områda som vi kjenner så godt.

Her vi står i dag er det reist eit minnesmerke for krigsseglarane i Uskedalen. Dei var heltar, som tok store riskar for å verne folket og landet. Frå Uskedalen var 9 menn ute på havet under krigen, og dei opplevde krigen på nært hald.

Dei fem åra Noreg var under okkupasjon var fem år med mykje usikkerheit og redsle. For oss som veks opp i dag er dette ein situasjon det er vanskeleg å setje seg inn i. Vi er så heldige at vi lever i eit av verdas tryggaste land. Vi har eit trygt og svært velfungerande samfunn. Dei fleste har ein jobb dei tenar pengar på og ein stad å bu. Pengane ein tener rekker ofte til meir enn det mest nødvendige. Dette har gjort at vi har fått eit kjøp-kast samfunn der vi ikkje alltid tenkjer over om vi verkeleg treng det vi kjøpar. Slik var det ikkje under krigen. Då måtte ein vere nøgd med dei få varene ein kunne få kjøpt, og spare lenge for å få råd til det ein ønskja seg.

Skilnaden på dei smale kåra som var under krigen samanlikna med dagens samfunn er stor. Midt oppi den travle kvardagen er det viktig å tenkje på dette, og kor godt vi har det, vi som bur her i Noreg. Særleg når vi i desse dagar ser nyheitssendingar frå krigsherja land, og frå flyktningstraumar. Det å måtte flykte frå heimlandet sitt må være svært vanskeleg. Ikkje berre det å forlate alt som ein har vakse opp med, men òg det å komme til noko heilt nytt. Ein ny og heilt annan kultur.

Flyktningstraumar og asylsøkjjarar er svært aktuelt i dag. Menneske med ein heilt annan bakgrunn og ei heilt anna historie kjem til landet vårt, og til bygda vår. Det er viktig av vi tenkjer på korleis det var då krigen råka vårt eige land, og at vi no tek godt imot dei som kjem.

Det å bli teke godt imot har alt å seia for korleis ein taklar det nye livet. At nokon tek kontakt, eller berre eit smil, kan bety så utruleg mykje meir enn det ein tenkjer.

Uskedalen er ei bygd som har mykje å by på. Vi er heldige som har både skule og matbutikk som samlar bygda. I tillegg har vi mellom anna fjell, båthamn og Festidalen, som kvar sommar trekk mange turistar. Det at Uskedalen har mykje å by på fekk vi særleg eit inntrykk av då kjendis-versjonen av 71 grader nord vart sendt på TV. Klatring i Ulvanåso i solskinn gjorde verkeleg inntrykk på både deltakarar og sjåarar. Vi har så mykje positivt, og nettopp derfor er det viktig at vi tek godt vare på det vi har.

Eg vil avslutta med å seia at vi må ta godt vare på bygda vår. Vi må ta vare på menneska rundt oss og vi må ta godt vare på landet som forfedrane våre kjempa for. Gratulera så mykje med dagen!

Foto: 17.mai-komiteen

Nett: Thor inge Døssland